

Årsmøtepapirer - Landslaget for lokalaviser 13. april 2018

Fredag 13. april, kl 09.00

1. Konstituering

Godkjenning av innkalling og stemmefullmakter

Val av møteleiarar (2)

Val av referentar (2)

Val av redaksjonskomité (2)

2. Årsmelding for 2017

3. Rekneskap for 2017 og balanse per 31.12.2017

4. Strategi- og handlingsplan for 2018 og 2019

5. Fastsetjing av medlemspengar for 2019

6. Val

7. Neste års landsmøte

Rett etter årsmøtet i LLA er det generalforsamling i
Lokalavissamkjøringa landet rundt AS.

STYRETS ÅRSMELDING 2017

LLA VIKTIG FOR LOKALAVISENE I KREVJANDE TIDER

Det er krevjande tider i mediebransjen, men samla sett står lokalavisene sterkt! Folk i bygder, tettstader, byar og bydelar les lokalavisene på papir og digitalt, og annon-sørane opplever at annonsane i lokalavisene blir lagt merke til og gir resultat.

2017 starta godt på den måten at Mediemangfolds-utvalet la fram ein rapport med både kreative og offensi-ve forslag for å sikre mediemangfald også i framtida. Både i meldinga og i debatten etterpå har det vore full oppslutnad om lokalavisenes viktige samfunnsrolle og forslaga om å styrka rammevilkåra for lokalavisene. Men departementets oppfølging med mediemelding let vente på seg urovekkjande lenge.

Det er mykje å gle seg over i lokalavisverda, men det er også nok av utfordringar; annonsemærknaden er tung i fleire delar av Noreg, og for mange enkeltaviser. Det gir optimisme at mange lokalaviser klarer å halda og endåtil auke opplaget, først og fremst gjennom fleire digitale abonnentar. Mange av LLAs medlemsaviser har nå høga-re inntekter frå abonnement enn frå annonsar.

Det har vore ein kamp i mange år for å oppretthalde nivået på produksjonstilskottet etter at regjeringa kvart år foreslår kutt, og det er store utfordringar på distribu-sjonssida, først og fremst ved at Posten først kutta laur-dagsdistribusjon, seinare vedtak om å kutte A-post for sendingar utanom eigen region frå årsskiftet 2017/2018 og sist forslag frå regjeringa om å redusere frekvensen i postomdelinga.

Digitale og teknologiske utfordringar står og i kø, mar-ginane er små, og mange lokalaviser har redusert i talet tilsette.

2017 har vore nok eit år der dei politiske og marknadsmessige rammevilkåra har vore under press. Samtidig har dette vore ei påminning om at det truleg er viktigare enn nokon gong å ha ein eigen interesseorganisasjon for lokalavisene – der sakene til fådagarsavisene blir løfta fram for dei som bestemmer, og der lokalavisene kan stå saman om mange av utfordringane. Sjølv om Landslaget for lokalaviser (LLA) har nøkterne ressursar, gler styret seg over at organisasjonen gjer ein solid og viktig jobb for lokalavisene.

Medlemstal

LLA hadde gleda av å ta imot tre nye aviser i starten av 2017: Fjordenes Tidende i Måløy, Firdaposten i Florø, Fjordenes Tidende i Måløy og Lindesnes i Mandal. Ytre Sogn og Midsundingen kom med i løpet av hausten 2017. Vidare vart Sortlandsavisa fusjonert inn i VOL og går slik ut av LLA. Lokalavisa Verran Namdalseid blei slått seg saman med Steinkjer Avis. I tillegg har Nye Haalogaland Avis gått konkurs i starten av 2018.

Frå årsskiftet 2017/2018 går Eidsvoll Ullensaker Blad ut av LLA.

LLA hadde 111 medlemsbedrifter ved årsskiftet 2017/18.

Økonomi

Økonomien til LLA er prega av nøkterne ressursar, men styret meiner at sekretariatet får mykje av ut kronene. Inkludert mellom anna prosjektinntekter, landsmøte-fakturering og litt i offentleg kursstøtte, var driftsinn-tektene totalt 5.857.723 kroner. Driftskostnadane, også dei inkludert prosjektutgifter, landsmøtekostnader og kurs- og kompetansesarbeid, var totalt på 5.830.990 kroner. Årsresultatet etter finanspostar er 55.700 kroner. Heile overskotet vert sett av til fri eigenkapital. I tillegg er eigenkapitalen styrka ved at 50.500 kroner til aksjons-fondet er direkte tilført eigenkapitalen.

Samla eigenkapital er 2.250.753 kroner.

LLAs årsoppgjer viser at det er vilkår for vidare drift, at arbeidsmiljøet er godt, og at verksemda ikkje ureinar det ytre miljøet, meir enn det som er vanleg for denne type organisasjonar.

Pressepolitikk og rammevilkår

LLA og lokalavisene har meiningsfulle mål. Vi skal gjere lokalsamfunna betre og styrke lokalt demokrati mellom anna ved å informere, problematisere og stimulere til de-batt. Lokalavisene skal tene lokaldemokratiet, kulturlivet og lagsarbeidet. Vi skal også vere ein attraktiv medieka-nal for annonsørane våre. I tillegg skal lokalavisene vere attraktive arbeidsplassar for flinke mediefolk i lokalmil-jøet. For å få til alt dette, må lokalavisene ha gode – og føreseielege – rammevilkår. Det er dette arbeidet LLA bruker mest tid og ressursar på!

Styret tør også hevde at kampen om nullmomsen ikkje hadde fått det same resultatet utan LLA. Ved avgjerande vegskil stod LLA knallhardt på kravet om at det ikkje skal vere avgift på det frie ord, verken på nettet eller på papir. Fritaket har på alle vis gjort det lettare og motivert til auka satsing på å satse for fullt på å få digitale abbon-entar. Dette viser nå godt både på opplagstal og inntekter frå lesarmærknaden.

Det gode samarbeidet mellom medieorganisasjonane, spesielt i innspurten på momssaka er vidareført og gir tyngde og håp i det vidare arbeidet for gode rammevilkår. Det ser ut til å lukkast å få utvida momsritaket til også å gjelde enkeltartiklar og journalistikk på smale område. Vidare er arbeidet med postomdeling og ikkje minst mediemeldinga, når den ein gong blir lagt fram frå Kul-turdepartementet svært viktig. Her blir det heilt sikkert naudsynt med eit omfattande arbeid før Stortinget gjer endeleg vedtak.

LLA gav grundige innspel til Mediemangfaldsutvalet. Å få heve minstetilskottet og innføre eit golv i pressestøtta var viktig for LLA å formidle til utvalet. Dette både for å få auka støtta til lokalavisene, men også for å gjere støtta meir framtidretta ved å kome bort frå utgåver, men innrette støtta slik at lokalavisene står friare til å velje publiseringsform utan å ta omsyn til støtta. Det er sær s g ledeleg å sjå at desse forslag frå LLA er ein del av

forslaga frå utvalet.

I påvente av Mediemeldinga har LLA som alltid gitt arbeidet med dagens ordning for produksjonstilskott stor merksemd. Regjeringa la fram eit første utkast til statsbudsjett for 2018 både forslag om kutt i tilskottet, men og eit forslag om ei ny innovasjonsstøtte til dei små lokalavisene. Ut frå den politiske situasjonen må vi seie oss nøgd med at arbeidet gav som resultat at det ikkje blir kutt i produksjonsstøtta og at innovasjonsstøtta kjem som tillegg.

Samstundes er det viktig å markera at samme kronebeløp, altså ingen inflasjonsjustering av produsjonsstøtta dei siste fem åra, i realiteten er vesentleg kutt. LLA er slik ikkje nøgd med utviklinga dei siste fem åra, og vil krevje at dette blir retta opp under handsaming av mediemeldinga. LLA meiner at spesielt lokalavisene må få eit løft i støtta og er glad for at Mediemangfaldsutvalet har lagt eit godt grunnlag for høgare minstesatsar, golv, for støtta for dei minste avisene.

LLA har vore i fleire høyringsmøte i Stortinget både med Finanskomiteen og Kulturkomiteen for å skape forståing for betydninga av produksjonstilskottet, og argumentert for heving.

I dei same høyringane har og LLA, saman med dei andre medieorganisasjonane, bede om å justere avgrensingane når det gjeld digitalt avgiftsfritak slik at det blir meir rettferdig og framtidsretta.

I det pressepolitiske arbeidet har LLA som vanleg også hatt ei rekkje møte med enkeltrepresentantar og grupper frå forskjellige politiske parti.

Porto og distribusjon

Distribusjon av papiravisene er ei aukande utfordring, på fleire måtar. Nedgangen i opplaget for dagsavisene har gjort at det er praktiske og økonomiske utfordringar i avisene sine distribusjonsselskap. På same måte brukar Posten nedgang i postvolumet som grunngeving for omfattande endringar for å spare kostnader. LLA har gjennom postutval vore med på å kjempe for best muleg struktur og kvalitet på Postdistribusjon av aviser og lågast muleg avisporto. Det er krevjande i ei tid med kraftig fallande volum i tradisjonell post.

Posten la først ned den generelle postdistribusjonen på laurdagar, men distribuerte aviser. Så lyste Samferdselsdepartementet ut anbud på laurdagsdistribusjon og tildelte selskapet Kvikkas oppdraget. Avisbransjen hadde fleire møter med politisk leiing i samferdselsdepartementet for å åtvare mot den nye løysinga, men departementet stod fast på starttidspunkt 1. november 2016. Det var som frykta store vanskar i laurdagsdistribusjonen etter omlegginga og avisene var påført store ulemper både praktisk og med tap av tillit og abonnentar. Mange aviser har både redusert frekvens og flytta utgjevding på grunn av vanskar med laurdagsomdelinga, og følgjekonsekvensar av at det er forskjellig distributør vanlege vekedagar og laurdag. Isolert sett har Kvikkas etter kvart

levert brukbar kvalitet.

Posten har nå avvikla A-post utanfor eigen region ved at dei har sett eigne postfly på bakken. Det er svært uheldig for dei fleste lokalavisene som har mange utflyttarar som abonnentar. I kombinasjon med at Posten ikkje har omdeling laurdag har denne endringa gjort framsendinga av aviser til andre deler av landet urimeleg lang. Det har gitt tap av abonnentar for papiravisene og langt frå alle av desse har det vore muleg å konvertere til digitale abonnentar.

I tillegg til dette har Samferdselsdepartementet etter ønskje frå Posten sendt ut på høyring forslag om å redusere frekvensen på postomdeling frå fem til tre, og etter kvart ein dag i veka frå tidleg på 2020-talet. Det vil vere særskadeleg for lokalavisene og LLA arbeider aktivt for å hindre at forslaget blir gjennomført nå.

Papiravisa er framleis viktigast for inntektene som skal finansiere den viktige journalistikken.

Distribusjonsselskapa under Helt Hjem-paraplyen er organisert i Mediebedriftenes Landsforening (MBL), og LLA ser det difor som naturleg å støtte seg på deire arbeid med å utgreie alternative distribusjonsløysingar dersom Posten reduserer frekvensen frå dagens fem dagar i veka.

Opplag

Dei siste opplagstala vart lagt fram 7. mars 2018 og viser at opplagstala til lokalavisene no gjennomsnittleg går litt nedover. Det siste året har medlemsavisene i LLA hatt ein samla tilbakegang på 0,25 prosent. Dette er ikkje dramatisk sidan lokalavisene berre har hatt mindre nedgang i eit par år etter ein lang gjennomsnittleg vekstperiode på 16 år frå midten av 90-åra. Det er eit lyspunkt at også mange har hatt vekst, om lag kvar tredje LLA-avis hadde auke i opplaget i 2017; dei fleste på grunn av aktiv satsing digitalt. Husstandsdekninga til lokalavisene er framleis imponerende høg.

Sandnesposten er opplagsvinnar mellom LLAs medlemsaviser i 2017 som i 2016. Avisen går fram med heile 876 eksemplar og 19 prosent til eit samla godkjent opplag for 2017 på 5499 eksemplar. Andre aviser med stor auke er Vestby Avis, Askøyværingen, Strilen og Vestnytt.

Det er Norsk Opplagskontroll AS som kontrollerer opplagstala til avisene i Noreg. Opplagstala er dei einaste tala som følgjer pengestraumen i avisene, og slik er desse kontrollerte og godkjente tala eit viktig kvalitetsstempel som avisene har god nytte av. Tala er dessutan viktige overfor annonsørar og lesarar. Opplagstala er også utgangspunkt for spreingstala og husstandsdekningstala som LLA arbeider fram for medlemsavisene. Denne dokumentasjonen er til god hjelp mellom anna for mediebyråa.

Landslaget for lokalaviser (LLA), Mediebedriftenes Landsforening (MBL) og Medietilsynet eig Norsk Opplagskontroll AS. Henry Nilsen er direktør.

Marknads- og informasjonsarbeidet

Som resten av dagspressa opplever også lokalavisene at annonsemarknaden er krevjande. Kjededekonsentrasjonen held fram, annonseprisane blir pressa, og annonseinntektene frå papirutgåvene som mange aviser mister, blir ikkje i stor nok grad henta inn att gjennom sal av annonsar eller andre tenester på digitale flater. Dagspressa som mediekanal har dei siste fem åra mista om lag 1,8 mrd. kroner i annonseinntekter og mister andelar. Sosiale medier som Google og Facebook tar mesteparten av veksten i digital marknadsføring.

Men på den andre sida viser statistikken frå Medietilsynet at lokalavisene har mindre nedgang i annonseinntektene enn dei støtte avisene. Det er er og mange lokalaviser som klarer å oppretthalde annonseinntektene og endåtil nokre som klarer å auka inntektene først og fremst gjennom kreativ produktutvikling på papur. Lokalavisene har heller ikkje klart å få eit skikkeleg løft i dei digitale annonseinntektene, og det er spesielt vanskeleg for dei minste uavhengige lokalavisene som slit med ressursar til å utvikle tilbod og teknologi. Men det er lyspunkt, og enkelte lokalaviser kan vise til fin vekst. LLAs eigne spørjeundersøkingar blant medlemsavisene tyder på at halvparten av avisene våre synest annonsemarknaden no er tung å arbeide i, medan den andre halvparten synest det stort sett går jamt og trutt.

LLA brukar tid og pengar på å synleggjere lokalavisene for dei som tek avgjerdene i mediebyråa og kjedene. Gjennom samtalar og møter med mediebyråa, annonsekampanjar, marknadsaviser, Nærpressekatalogen og andre praktiske tiltak, minner vi både varehandelen, offentlege institusjonar og andre annonsekundar om at lokalavisene er ein svært nyttig og truverdig mediekanal, der også annonsane blir lagt merke til og fører til handling.

LLA kjem også med råd og rettleiing overfor medlemsavisene, både om marknadsstrategiar og når det oppstår praktiske flokar i kvardagen til annonsemedarbeidarane. I tillegg til marknadsførings- og omdømmearbeidet til LLA, har vi ei viktig marknadssamling i året – i tillegg til annonse- og marknadsforedrag på landsmøtet.

I 2017 hadde vi ei marknadssamling i Oslo med over 30 deltakarar. Her fekk deltakarane salstrening og gjennom møte med fleire mediebyrå knyta viktige kontakter og inspirasjon og kunnskap om annonsering. LLA har i 2017 gjennomført eit praktisk prosjekt for å dokumentere betre effekt av annonsering i lokalavisene. Dette blir gjort etter ønskje frå og i samarbeid med annonsørar/mediebyrå. Tiltaket blir vidareført inn i det nye året.

Intern-informasjonen frå LLA-sekretariatet ut til medlemsavisene går stort sett via nettsidene til LLA, og som nyhendevarsel og e-post direkte til medarbeidarane i

avisene. I tillegg har vi eit månadleg brev som oppsummerer dei siste vekene. Facebook-gruppa til Landslaget for lokalaviser blir nytta til små og store nyhende frå lokalaviskvardagen.

Kurs- og kompetansetiltak

I fjor deltok over 506 personar på kurs med LLA som arrangør. Fag- og landsmøtekurser er praktiske og lokalavisene får skreddarsøm tilpassa kvardagen i avisene. Idé- og erfaringsutveksling er og viktig. I tillegg hjelper LLA avisene med råd og rettleiing gjennom heile året. Her handlar det om å gje råd når ein kan, og elles vise kor avisene finn kompetansen dei søker.

LLA legg ned eit stort arbeid med å arrangere og/eller støtte skreddarsydde faglege samlingar både sentralt, regionalt og lokalt. Vi ser og eit aukande behov for bedriftsinterne kurs. På dette området har LLA i 2017 gjennomført ei større satsing med å tilby bedriftsinterne kurs i journalistisk fotografering. Det har vore både ettertrakta og fått gode tilbakemeldingar. Over hundre lokalavismedarbeidarar frå 21 aviser deltok på dette tilbodet i 2017. Tilbodet vil bli vidareført i 2018.

Eitt av dei kanskje viktigaste løpande kompetansetiltaka er avisbransjens og LLAs idé- og kunnskapsbank. Her legg vi stadig inn nye gode døme frå avisene – både redaksjonelt, om marknaden og tekniske løysingar. Gjennom idébanken får avisene praktiske tips og gode idear. I tillegg samlar vi eit utval saker og idear i våre trykte idéhefte. Det vart sendt ut eitt slikt hefte til avisene i 2017.

LLA arrangerte i 2017 for andre året konferansen liten og digital, med om lag 60 deltakarar.

#MeToo-kampanjen

LLA deltok på slutten av 2017 saman med andre medieorganisasjonar i eit arbeid med å følgje opp #MeToo-kampanjen i media. Det vart gjort ei omfattande undersøking i mediebransjen og det kom fram at det i lokalaviser har vore både tilfelle av seksuell trakassering og at ikkje alle tar godt nok vare på varslarane. Dette viser at det er nødvendig for alle aviser å ha dette på dagsorden, ha gode rutiner, gjere desse kjent, diskutere kva det inneber, drive haldningsarbeid å få ei felles forståing i den enkelte bedrift korleis ein kan gjere arbeidsplassen trygg og triveleg for alle. Dei små lokalavisene er svært ofte den første arbeidsplassen for unge som vil prøve seg i mediebransjen. Då har vi eit stort ansvar for å gi alle ein trygg og god arbeidsplass som gjer at dei ønskjer å satse på ein yrkeskarriere i mediebransjen.

Lokalavissamkjøringa

Lokalavissamkjøringa landet rundt AS er LLA-avisene si eiga annonsesamkjøring. Ho blir stort sett nytta som reiskap for LLAs fellesannonsar, og tilbyr difor annonse-

plass til eit lite utval organisasjonar, stiftingar og verksemder som stort sett ikkje konkurrerer med avisenes egne kundar eller andre annonsesamkjøringar. Samkjøringa er med på å finansiere marknadsarbeid til LLA.

Innkjøpsavtalar

Gjennom LLA får medlemsverksemdene også nytte av gunstige samarbeids- og innkjøpsavtalar, skreddarsydde for lokalavisene. I 2017 har vi fått på plass endå fleire avtalar. I tillegg til informasjonsbrosjyre om avtalane, ligg alle samarbeidspartnarane våre på www.lla.no.

Landsmøte

LLAs landsmøte er på mange måtar årets høgdepunkt for lokalavisene. Over eit par dagar kjem medarbeidarane saman for å få ny kunnskap, inspirasjon og nye idear som kan brukast i kvardagen. I april 2017 var landsmøtet på Scandic Maritim i Haugesund med om lag 250 avismedarbeidarar og bransjefolk.

På landsmøtet blei Avisa Sunnhordland kåra til Årets lokalavis. Juryen uttalte mellom anna; "Årets lokalavis 2016 framstår som glad, nær, vesentleg, viktig, hyggjelig og inviterande. Avisa byr opp til dans – og er tydeleg på at ho ønskjer kontakt med lesarane. Nettavisa spelar perfekt med papirutgåva."

I Årets lokalaviskonkurranse delte LLAs jury ut heiderleg omtale til Dølen og Hallingdølen.

Ingolv Vevatne, som var den viktigaste eldsjela for å etablere LLA i 1976, fekk LLAs heiderspris i 2016, men kunne då ikkje møta på landsmøtet. Han fekk difor overrekt utmerkinga i Haugesund til ståande applaus frå landsmøtet.

LLAs journalistpris gjekk til Arne Lindeflaten, Elisabeth Berg Hass og Tomas Bruvik, Kvinnheringen. Thomas Frigård, Raumnes og Geir Rommetveit, Sunnhordland fekk heiderleg omtale.

Patricia Kühfuss og Hallingdølen vant prisen for Årets lokalavisfoto 2016. Eugen Hammer, Gjesdalbuen og Tor Folgerø, Hallingdølen fekk heiderleg omtale. Marknadsprisen gjekk til avisa Kvinnheringen. Saltenposten og Søgne og Songdalen Budstikke fekk heiderleg omtale. Kvinnheringen vann prisen for årets lokalavisside.

LLAs nye digitalpris gjekk til avisa Sunnhordland. Kvinnheringen og Yderst fekk heiderleg omtale.

Satsingsområde

Med jamne mellomrom set Landslaget for lokalaviser i gang tiltak som kan løfta kunnskapen og engasjementet i lokalavisene på utvalde område.

I 2016 og starten på 2017 har "Med på laget" vore eit viktig arbeid for å gjere journalistikken rundt lag og organisasjonar betre og meir interessant.

I 2017 starta planlegging av ei ny satsing på undersøkjande lokal journalistikk, som vi kallar "Grave lokalt". Dette prosjektet vil starte for fullt med eige seminar

under LLAs landsmøte i 2018.

LLA samarbeider også med andre medieorganisasjonar om tiltak som styrker den enkelte og mediebransjen samla.

I 2017 var LLA med på felles tiltak under Arendalsuka. LLA deltok både som aktør og arrangør saman med andre medieorganisasjonar.

LLA har hatt møte med leiinga i NRK for å drøfte om det kan vere gjensidig nytte av samarbeid mellom lokalaviser og NRKs distriktskontor. NRK har gjennomført samlingar på alle distriktskontor der samtlege avisredaktørar har vore invitert til samtalar om samarbeid. LLA vil arbeide for at NRK skal ta ansvar for å utvikle samarbeidet med lokalavisene vidare for å bidra aktivt til å skape mediemangfolk.

Representasjon i råd og utval

LLA er representert i offentlege og institusjonelle utval der det blir arbeidd med rammevilkår. I 2017 har LLA vore med i følgjande råd og utval:

Tilskuddsutvalet

Tilskuddsutvalet er oppnemnd av Kulturdepartementet for å handtera forskriftene for produksjonstilskot. Roar Osmundsen, Søgne og Songdalen Budstikke, representerer LLA, medan generalsekretær Rune Hetland møter som vara.

Offentlegheitsutvalet

Utvalet er sett saman av Norsk Presseforbund for å arbeide med offentlegheitsspørsmål og lovgjeving. Lokalavisene er godt representerte i offentlegheitsutvalet. Frå LLA-avisene er Esben Hesjedal i Vaksdalsposten med.

Norsk Presseforbund

I hovudstyret til Norsk Presseforbund møttest medieorganisasjonane for å drøfte pressesaker av særleg prinsipiell og publisistisk verdi. Presseforbundet er også sekretariat for Pressens Faglege Utval (PFU). Generalsekretær Rune Hetland er LLA sin representant i hovudstyret der LLA og Lokalradioforbundet vekselvis er medlem eller (møtande) varamedlem.

Postutvalet

LLA er representert med styremedlem Øystein Øygarden, Vest-Telemark Blad og LLAs generalsekretær i arbeidet knytta til distribusjon av aviser.

Mediemangfaldsutvalet

Hilde Eika Nesje, redaktør i Bø blad og styremedlem i LLA, var ein av ti regjeringsutnemnde medlemmer i Mediemangfaldsutvalet. Utvalet, med Knut Olav Åmås som leiar, la fram rapport og forslag 7. mars 2017.

Sekretariatet

LLA har i 2017 hatt 3 årsverk i sekretariatet: Generalsekretær Rune Hetland, marknads- og informasjonssjef Geir K. Hus har hatt delvis permisjon og Holger Austvoll har vikariert på deltid, organisasjonssekretær Lene Østberg og redaksjonell fagmedarbeidar Laila Borge (i ca. 40% stilling).

Det er to av kvart kjønn tilsett i sekretariatet, og organisasjonen har ein aktiv og god likestillingpolitikk. LLAs har rekneskapen gjennom Tveit Regnskap. Revisor er Deloitte.

Styret i LLA meiner aktivitets- og ambisjonsnivået til sekretariatet er høgt. Medlemsavisene får mykje att for nøkterne ressursar. Etter grundig forarbeid i styret vedtok årsmøtet i 2016 ein tydelegare profil, klarare prioritering og meir målretta planar for LLA som organisasjon. Handlingsplanen følgjer opp dette.

Styret

I 2017 har styret i LLA hatt fem møte og handsama 47 saker. To styremøte har vore arbeidsmøte der styremedlemmene har kome saman, dei andre har vore telefonmøte.

Etter valet i april 2017 er styret i LLA slik:

Styreleiar (fram til 8.mars 2018):

Roar Vigeland Osmundsen, Søgne og Songdalen

Budstikke

Nestleiar og leiar frå 8.mars 2018:

Tomas Bruvik, Kvinnheringen

Øvrige styremedlemer:

Hilde Eika Nesje, Bø blad

Asta Brimi, Fjuken

Hilde Dypaune, Saltenposten

Holger Austvoll, Strandbuen

Øystein Øygarden, Vest-Telemark Blad

Varamedlemer:

Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad (fast møtande vara)

Knut Martinsen, Avisa Hemnes

Tormod Flatebø, Fjordabladet

Oslo/Bodø 13. april 2018

Styret i Landslaget for lokalaviser (LLA)

REGNSKAP 2017

	Regnskap 2017	Regnskap 2016	Regnskap 2015
Medlemspenger	1 825 217	1 812 448	1 752 944
Fellesannonser	916 663	999 999	1 090 000
Salg produkt	282 459	274 137	265 774
Markedskontingent	504 447	562 249	524 904
Kurs og landsmøte	1 718 742	1 751 074	1 758 817
Tilskudd offentlige	610 000	600 000	550 000
Prosjektstøtte		165 000	150 000
Andre inntekter	195	130	1100
Sum inntekter	5 857 723	6 165 036	6 093 539
Varekjøp	1 023 459	1 239 974	1 161 560
Lønnskostnader	2 430 268	2 761 199	2 766 800
Kostnader lokaler	228 858	195 975	182 958
Leiekostnader	40 588	56 176	26 069
Verktøy og rekvisita	80 179	36 475	68 280
Kjøp av tenester	901 306	678 990	530 436
Kontorrekvisita	277 670	294 180	395 376
Telefon, porto-frakt, tidsskrifter	48 672	61 292	60 319
Reisekostnad inkl. diett	478 520	478 692	482 929
Reklame, kontingenter	261 519	260 629	240 013
Forsikringer	9 069		8 994
Andre driftskostnader	9 443	40 183	21 684
Tap på fordringer	23 970	17 728	101 880
Avskrivinger	17 400	17 400	
Sum driftskostnader	5 830 921	6 138 893	6 047 298
DRIFTSRESULTAT	26 802	26 143	46 241
Finansinntekter	29 825	28 880	60 021
Finanskostnader	-858	-325	-1 124
Ekstraordinære inn/kost			
SUM FINANS/EKSTRAORDINÆRE	28 967	28 555	58 897
RESULTAT	55 769	54 698	105 138
Disposisjonar:			
Avset til prosjekt		50 000	
Avset til fri egenkapital	55 769	4 698	105 138
Sum disponert	55 769	54 698	105 138

BALANSE FOR 2017

Balanse pr. 31.12.2017

	2017	2016	2015
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Kontormaskiner o.l.	17 540	35 010	52 410
Aksjer	115 951	115 951	115 951
Sum anleggsmidler	133 491	150 961	168 361
Omløpsmidler			
Kontanter, bank m.v	2 571 652	2 301 858	2 293 614
Debitorer	48 921	448 017	310 095
Andre kortsiktige fordringer	3 120	-4 748	2 155
Varebeholdning	31 950	42 950	42 950
Sum omløpsmidler	2 655 643	2 788 077	2 648 814
SUM EIENDELER	2 789 134	2 939 038	2 817 175
GJELD OG EGENKAPITAL			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	116 088	145 773	169 814
Off. avgifter, skattetrekk m.m.	191 383	276 556	198 874
Annen kortsiktig gjeld	230 910	372 158	259 134
Sum kortsiktig gjeld	538 381	794 487	627 822
Avsett prosjekt	50 000	50 000	150 000
Egenkapital			
Aksjonsfond	703 215	652 715	602 215
Sum bundet egenkapital	703 215	652 715	602 215
Egenkapital, fri	1 497 538	1 441 837	1 437 139
Sum egenkapital	2 200 753	2 094 552	2 039 354
SUM GJELD OG EGENKAPITAL	2 789 134	2 939 039	2 817 176

STRATEGI OG MÅL FOR LLAS ARBEID I 2018 OG 2019

Etter grundig arbeid i administrasjon og styret vedtok årsmøtet i 2016 ein ny strategi og handlingsplan. Dette er eit enkelt, oversiktleg og tydeleg styringsverktøy for styret og administrasjonen, frå overordna visjon og verdier til langsiktige og kortsiktige mål.

MÅL OG STRATEGI

Posisjon:

Interesseorganisasjonen for lokalavisene i Norge.

Visjon:

LLA skal vere den viktigaste organisasjonen for lokalaviser i Norge.

Verdier:

LLA skal fremje interessene til lokalavisene slik at dei har best mulege rammevilkår.

LLA skal medverke til at lokalavisene lagar gode aviser, og er solide bedrifter til beste for lokalsamfunnet dei skal tene.

LLA skal vere med på å setje høge kvalitetsmål for lokalavisene slik at medarbeidarane kan vere stolte av arbeidet sitt.

MÅL, DELT INN I FIRE OPPGÅVEOMRÅDE.

1. Rammevilkår
2. Marknad og informasjon
3. Samfunnsoppdrag
4. Organisasjon

LANGSIKTIGE MÅL

1. Rammevilkår

LLA skal alltid fremje medlemmene sitt beste i møte med styresmaktene. Det skal skje på ein truverdig måte.

LLA skal sikre rammevilkåra uavhengig av kven som sit i regjering og av stortingsfleirtalet.

LLA skal kommunisere dette tydeleg til eigne medlemmer, eksterne medieobservatørar og samfunnet generelt.

2. Marknad og informasjon

LLA skal styrke omdømmet til lokalavisene.

LLA skal styrke posisjonen lokalavisene har som mediekanal.

LLA skal gjere det tydelig for annonsørar og reklamebyrå at lokalavisa er ein effektiv annonsekanal.

LLA skal hjelpe til med kompetanse i salsteknikk.

LLA skal hjelpe med råd om digitale strategiar og val av gode samarbeidsavtaler.

3. Samfunnsoppdrag

LLA skal gjennomføre tiltak som hevar statusen til organisasjonen og lokalavisene.

LLA skal hjelpe avisene til systematisk kompetanseheving.

Landsmøta er den største fellesarenaen for kompetansebygging. I praksis skjer dette mellom anna ved å bruke kompetansen som finst i dei enkelte lokalavisene.

LLA skal arrangere kurs og gje råd til enkeltaviser gjennom eit nettverk av kompetansepersonar.

Gjennom konkrete prosjekt skal LLA setje dagsorden og vere premissleverandør for samtalen om dei digitale løysingane for dei minste avisene i framtida.

4. Organisasjon

LLA skal vere ein attraktiv presseorganisasjon å arbeide for.

I ein bransje i kontinuerleg forandring må LLA ha tilgang til den kompetansen som medlemmene etterspør. I LLA-sekretariatet må det vere god grunnkompetanse innan avisdrift, pressepolitikk og marknad. Mellom dei tilsette bør det vere personar med lokalavisfagleg bakgrunn.

KORTSIKTIGE MÅL FOR 2018 OG LITT VIDARE

1. Pressepolitikk:

LLA skal vere meir synleg i den sentrale mediedebatten.

Politiske mål:

Styrke lokalavisenes interesser i det politiske arbeidet generelt og spesielt i samband med Kulturdepartementet si mediemelding som blir lagt fram i 2018.

Innføre golv (minstesats) for pressestøtta som hevar produksjonstilskottet til lokalavisene monaleg.

Utvide momsfritleket til å bli meir framtidretta og rettferdig.

Sikre distribusjon av lokalaviser, gjennom samarbeid med distribusjonsselskap og Posten, på fornuftige vilkår. Arbeide for at Posten ikkje skal redusere tal dagar med distribusjon, og at statleg kjøp av laurdagsdistribusjon vert vidareført.

2. Marknad og informasjon

LLA skal arbeide for å få fleire medlemmer spesielt blant lokalaviser som naturleg høyrer heime blant medlemsavisene. Det vil seie aviser med ei til tre utgåver i veka og mindre, lokale dagsaviser.

LLA skal dokumentere god effekt av annonsering i lokal avisene.

LLA skal formidle gode idear og kunnskap for å halde oppe eller auke inntektene både ved digital distribusjon og på papiraviser.

LLA skal arbeide kontinuerlig mot mediebyråa.

LLA skal vere meir aktiv i sosiale medium, særleg på Facebook og Twitter.

LLA skal undersøke og tilrettelegge for at alle lokalaviser får tilgang til framtidsretta teknologi og kunnskap om digitale inntekter.

3. Samfunnsoppdrag

LLA skal gjennomføre tiltak som styrker lokalavisjournalistikken, både i omdømme og lesar marknaden.

På landsmøta til LLA skal prioriteringa av avisenes samfunnsrolla vere tydeleg.

LLA skal gjennomføre kurs i journalistikk som har som mål at folk flest generelt deltek meir aktivt i samfunnslivet (public journalism), slik at demokratiet blir styrkt.

LLA skal vidareutvikle konferansen "liten og digital".

LLA skal gjennomgåande snakke opp verdien av den lokale annonsen, formidla på papir eller digitalt.

4. Organisasjon

LLA skal definere tydelege mål for kvar medarbeidar for kva den enkelte skal bli god på, og om det er nødvendig med tiltak som kan heve kompetansen, for eksempel gjennom kurs.

Det er eit mål at sekretariatet skal besøke minst kvar fjerde medlemsavis kvart år.

FASTSETJING AV MEDLEMPENNGAR FOR 2019

	2019	2018
Medlemspengar	430,-	410,-
Serviceavgift		
Grunnavgift for aviser med:		
Mindre enn ei utgåve per veke (48 utg.)	4.000,-	3.800,-
Ei utgåve per veke (min.48 utg. per år)	7.800,-	7.600,-
To utgåver per veke (min.96 utg. per år)	8.900,-	8.700,-
Tre - fem utg. per veke (min.148 utg. per år)	9.400,-	9.200,-
Eksemplaravgift etter godkjent opplag (inkl. digital betaling):		
Per eksemplar opp til 3000	2,00	2,00
Per eksemplar 3000 - 5000	1,05	1,05
Per eksemplar over 5000	0,25	0,25
Opplagskontrollen		
(Norsk Opplagskontroll)	1.600,-	1.600,-
- Dobbelmedlemmer LLA/MBL	400,-	400,-
Aksjonsfond		
Innbetaling til aksjonsfond for aviser med:		
Ei utgåve i veka og oftare	500,-	500,-
Prosjektkontingent		
Mindre enn ei utgåve per veke (<48 utg.)	1.000,-	1.000,-
Ei utgåve per veke (min. 48 utg. per år)	2.800,-	2.800,-
To-fem utgåver per veke (min. 96 utg. per år)	3.500,-	3.500,-
Digitale medier (Frittstående utan papiravis)		
Medlemspengar	9.100,-	8.900,-

Markedskontingent

To promille av annonseomsetnaden for føregående år. Maks. kr. 7.000,-
(Denne kontingenten har vore uendra sidan 2003)

Avgrensing:

Medlemspengane skal samla ikkje overstiga kr. 29.900,- per år for ei enkelt avis.

VAL AV STYRE I LLA FOR PERIODEN 2018-2019

Styret i LLA

Tomas Bruvik	Kvinnheringen	Attval	2 år
Hilde Dypaune	Saltenposten	Attval	2 år
Hilde Eika Nesje	Bø Blad	Attval	2 år
Øystein Øygarden	Vest-Telemark Blad	Attval	2 år
Holger Austvoll	Strandbuen	Ikkje på val	1 år
Sveinung W. Jensen	Lister	Ny	2 år
Tone Sidsel Sanden	Dølen	Ny	2 år

Leiar

Tomas Bruvik	Kvinnheringen	Ny	1 år
--------------	---------------	----	------

Nestleiar

Øystein Øygarden	Vest-Telemark Blad	Ny	1 år
------------------	--------------------	----	------

Nestleiar

Hilde Dypaune	Saltenposten	Ny	1 år
---------------	--------------	----	------

Varamedlemer:

1. Camilla Skaar	Hordaland Folkeblad	Attval	1 år
2. Knut Martinsen	Avisa Hemnes	Attval	1 år
3. Robin Røkke	Nordre/Midsundingen	Ny	1 år

Revisor:

Deloitte	alltid på val
----------	---------------

Forslag til ny valkomite frå styret:

Kirsti Kastrup Sømme, Bygdebladet Randaberg
Asta Brimi, Fjuken
Christopher Johansen, Vennesla Tidende